

Fra: Henri Palm <hempa@statsforvalteren.no>

Sendt: 03.08.2023 13:53:57

Til: Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

Emne: Utbrot av høypatogen fugleinfluensa hjå villfugl - Vadsø kommune HMS plan for verneutstyr ved fjerning av døde fuglar

Til kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar, smittevernlegar, beredskapskontakatar og postmottaka i kommunane.

Vi videresender Vadsø kommune sin HMS plan for bruk av verneutstyr ved fjerning av døde fuglar. Vadsø kommune har fått spørsmål frå fleire kommunar i Noreg om korleis dei har handtert fugleinfluensaen og korleis dei har rigga seg til for å fjerne døde fuglar. Vadsø ønskjer å dele vedlagte plan i tilfelle det hjelper på informasjonsbehovet og spørsmål som ein del eventuelt sit med.

Frå Statsforvaltaren si side følgjer vi framleis situasjonen, og vurderer om det t.d. kan vere aktuelt å invitere til eit Teamsmøte viss utviklinga tilseier at det er nødvendig.

Sidan det er ferietid, oppmodar vi postmottaka i kommunane om å sende denne e-posten vidare til den/dei rette vedkomande internt.

Mvh

Henri Palm

Statsforvaltaren v/beredskapsseksjonen